

Det kulturelle Hardanger Hardingen, regionen og fellesskapa

KNUT GROVE



Stein Rokkan senter for flerfaglige samfunnsstudier (Rokkansenteret) har en todelt publikasjonsserie, i tillegg til en særtrykkserie. Publikasjonsserien redigeres av et redaksjonsråd bestående av forskningsdirektør og forskningsledere.

Redaksjonsrådet har ansvar for å vurdere og plassere publikasjonene som henholdsvis rapporter og notater.

I rapportserien trykkes ferdige vitenskapelige arbeider, for eksempel sluttrapporter fra forskningsprosjekter. Manuskriptene er vurdert av redaksjonsrådet eller en fagfelle oppnevnt av redaksjonsrådet.

Som notater trykkes arbeidsnotater, foredrag og seminarinnlegg. Manuskripter som trykkes som notater godkjennes av prosjektleder.

Som særtrykk utgis arbeider som allerede er publisert i vitenskapelige tidsskrift eller i bøker.

ISSN 1503-0946

ROKKANSENTERET
NYGÅRDSGATEN 5
5015 BERGEN
TLF. 55 58 97 10
FAX 55 58 97 11
E-MAIL: POST@ROKKAN.UIB.NO
WWW.ROKKANSENTERET.UIB.NO

Det kulturelle Hardanger

Hardingen, regionen og fellesskapa

KNUT GROVE

STEIN ROKKAN SENTER FOR FLERFAGLIGE SAMFUNNSSTUDIER

UNIFOB AS

DESEMBER 2008

Notat 16 – 2008

Innhald

FORORD	3
SAMANDRAG	4
SUMMARY	5
INNLEIING	6
HARDANGER SOM REGION	7
Indre og Ytre Hardanger– to kulturregionar?	7
Hardanger, Vestlandet og det norske	10
KONKLUSJON	12
Litteratur	13

Forord

Notatet bygger på eit innlegg frå Regionshistorieseminaret til Hardanger Historielag på Utne 3.– 4.11.2006. Føremålet med bidraget var i første rekke å vera eit innspel til arbeidet med ei regionshistorie for Hardanger, men gjekk også inn i underteikna sitt prosjekt med å skriva bygdebok for Eidfjord (2006–2009). Eg er takksam for kommentarar under seminaret og frå gruppa for Kultur, teknologi og kjønn ved Rokkansenteret som har kommentert utkast til sjølve notatet.

Samandrag

I notatet blir trekk som karakteriserer den kulturelle fellesskapen i Hardanger og som bør handsamast i ei regionshistorie søkt løfta fram, med vekt på tida etter 1870. Det er her viktig å få grep om kva som har karakterisert kulturen i Hardanger på ulike tidspunkt innanfor dette tidsrommet, og korleis han har endra seg. Studiar av kulturelle fellestrekks bør knytast både til materielle, sosiale og tankemessige forhold. Både forholdet mellom menneske og natur og kva forestillingar som har vore rundt denne relasjonen, mot forholdet menneska i mellom og korleis dei har ordna seg i ulike fellesskap, i grend, bygd, i lag og organisasjonar er viktig å sjå på. Men også den felles forestillingsverda, ideologien, både når det gjeld religiøs innstilling og elles til kva som gjev mening i livet må handsamast. Materiale og skriftene etter folkelivsgranskjarar og historikarar frå Hardanger kan her vera med på å fram både det felles og det mangefaseterte i den regionale kulturen.

Det er viktig både å få grep om skilnader og motsetnader innan den regionale kulturen. Her vert det peikt på at Hardanger synest delt i to kulturregionar; der ein i Ytre Hardanger finn vi fleire fellestrekks som ligg nær ein kystkultur, medan trekk knytt til «Fjell- og fjord-Noreg» er tydelegare i Indre Hardanger. Skilnader i forholdet til religion, til fjord og fjell og til festkulturen blir her trekte fram. Som andre viktige kulturelle felt blir det vist til det frivillede organisasjonslivet og til korleis industrien førte nye arbeidarkulturar til Hardanger. Ungdoms- og idrettslag, misjonsforeiningar og politiske lag og deira utbreiing gjev inntak til å studera regionale likskapar og skilnader. I Hardanger ligg det vidare særleg godt til rette for å studera skilnader mellom arbeidarkulturen på industristadane (Odda, Tyssedal og Ålvik) med si tilhørsle til den nasjonale arbeidarrørsla, og arbeidarkulturen som tok utgangspunkt i dei tradisjonelle bygdenæringerane og bygdekulturen. Samtidig fekk også arbeidarkulturane som utvikla seg på dei store industribedriftene spesielle uttrykk og ei lokal forankring og utforming, men var likevel annleis enn ved småbedrifter som har blitt til ut frå lokale samanhengar.

Summary

This paper focuses on features characterizing the culture in Hardanger as part of a regional history, dealing with the period from about 1870 and forward. It is important to get hold of the characteristic features of the culture at different times through this time span. Studies of regional cultures can be seen in relation to material, social and ideological aspects. Attention must be paid to the relationship between man and nature and the conceptions concerning it, at the relationship between people and how they have arranged their activities, in hamlets, townships and organisations. Also the common belief, the ideology, is an important aspect in regard to the culture of an area or region. For this part of the regional history, the material and writings of the late folk tale collectors and historians in the area will be of great value, bringing forward common aspects and nuances in the culture along the Hardanger fjord.

Thus, it is important also to trace the differences and contrasts in a region and its culture. An example is the observation of Hardanger as divided in two cultural regions, being many cultural features resemble to those at the coast of Norway in Outer Hardanger, while features characterizing «Mountain and Fjord-Norway» («Fjell- og fjord-Noreg») are more distinct in Inner Hardanger. Differences in religious belief, to music and attitudes to celebrations and to fjord and mountain are mentioned as examples.

Non-governmental and voluntary organizations and how the rise of industry lead to the development of new working cultures in Hardanger. Youth and sport organizations, local missionary societies and political parties and their recruitment range should be studied as a way of getting hold on similarities and differences in the region. In Hardanger there is possible to compare the working cultures evolving at the large factories in the industrial townships (Odda, Tyssedal and Ålvik) and the working cultures connected to the traditions of the agrarian way of life in the area. Thus, the more urban working culture at the industrial plants developed in a specific way and got local expressions, but were different at the large plants than in the local, mainly craft-based factories which were made by local initiatives, mainly by people from the region.

Innleiing

I Gyldendals konversasjonsleksikon frå 1933 heiter det om Hardanger:

H. er bekjent for fruktavl og båtbyggeri. Innbyggerne i H, hardingene, har bevart meget av sine gl. seder og skikker, Kvinnene går i den gl. drakt; hardangersømmen er bekjent. Hardingene er i alm. store, blonde langskaller; i fjellbygden Røldal og i Eidfjord er folk mørkere og kortskaller. Utover i fjorden skifter typen plutselig mellom Jondal i Hardanger og Kvinnherad i Sunnhordland, hvor der er kortskaller.

Slik vart særtrekka ved Hardanger framstilt for vél 70 år sidan. Vi får eit bilet av ein kultur karakterisert gjennom denne tidas typiske inndeling av folk etter rasemessige kjenneteikn, der den vanlege hardingen skulle vera ein såkalla langskalle, innvevd i gamle og framleis levande tradisjonar, der fruktdyrking og båtbygging var slikt regionen var kjent for. Langt på veg var dette ei framstilling av hardingen som eit reinskore uttrykk for det beste norske både i tradisjon og i rase slik dette vart forstått i mellomkrigstida.¹

Leksikonopplysningane var eit, vi vil i dag seie misvisande, forsøk på å få grep om kva som karakteriserte hardingane som eit fellesskap, som ei gruppe menneske som delte bestemte haldningar, verdiar og dugleiker, som tilhøyrande ein felles kultur.² Å sjå på kulturen til eit fellesskap går altså utover det å sjå kultur som eit eige samfunnsområde, der vi tek for oss litteratur, kunst, musikk eller målarkunst. Desse uttrykka for den skapande krafta i fellesskapet er likevel særsviktige når ein skal sjå på kulturen i eit område, som ei spesiell livsform eller levemåte. Litteratur, musikk og kunst vil saman med forholdet til tru og tankar vera med å visa den felles forestillingsverda eller ideologien i ein kultur. Samtidig viser kulturen også til korleis skaffar seg livsgrunnlaget (teknologi og økonomi), altså materielle forhold og til korleis menneske regulerer samkvemet seg i mellom og i forhold til andre grupper, det vi kallar sosiale forhold. Til saman utgjer dei ideologiske, sosiale og materielle forholda ulike sider ved ein kultur, som tilsaman gjev dei som deler innhaldet i denne kulturen ein felles identitet.³ Men her må vi vera merksame på at det finns spenningar og motsetnader også innan det som elles framstår som ein einheitleg kultur med ein felles identitet.

Eg skal i dette notatet koma med nokre innspel til kva det vil vera viktige å sjå på når kulturen i Hardanger skal karakteriserast, i første rekke for tida etter 1870. Først er det likevel nødvendig å avklara kva fellesskap vi snakkar om, kva det er som avgrensar Hardanger som ein region.

1 Om rasetenkinga i Noreg på denne tida, jf Kyllingstad, Jon Røyne (2004) *Kortskaller og langskaller. Fysisk antropologi i Norge og striden om det nordiske herremennesket*. Scandinavian Academic Press/Spartacus, Oslo. Om antropologiske undersøkingar i området, sjå Alette Schreiner (1930) *Anthropologische lokaluntersuchungen in Norge. Valle, Hålandsdal und Eidfjord*. Skrifter utgitt av Det norske Videnskaps-Akademiet i Oslo. I. Mat.-naturv. Klasse. 1929. No. 3. Schreiners målingar samsvara elles ikkje heilt med dei leksikalske opplysningane over– eidfjordingane låg nærmare langskallane og det nordiske idealet.

2 Jf etnologen Brit Berggreen (1989) i *Da kulturen kom til Norge*. Aschehoug.

3 Med identitet blir det her noko forenkla vist til veremåten eller åtferda til dei som inngår i ein spesifikk kultur. Jf her Bjørgo, Narve (2006) ”Vestnorsk identitet i historisk perspektiv”, kap. 1, bind 3 av Helle, Knut (red.) (2006) *Vestlandets historie*. Vigmostad og Bjørke.

Hardanger som region

Når vi tek for oss ein region i historisk forstand, ser vi på eit bestemt geografisk område, korleis dette området har blitt avgrensa, kva identitet det har og har hatt, og i kva grad det er råd å sjå på området som ei eiga eining. Førestillingar som blir knytte til eit slikt område kan gje opphav til prosessar på line med nasjonsbygging, der ideen om felles tradisjonar, kultur og andre fellestrekks gjev ein eigen identitet som legitimerer og kan lekamleggjera ein region.⁴

Hardanger grensar mot Voss (Granvin), mot Sunnhordland (Kvam) og mot Hardangervidda (Eid fjord, Ullensvang og Odda). Men kor grensene går, har variert etter samanheng og tidspunkt. Såleis veit vi at Eid fjord ikkje alltid blir rekna til Hardanger (jf tilknytinga til Stavanger bispedømme og P.A. Munch i *Norges Geografi i Middelalderen*, og at Strandebarm tidlegare var ein del av Sunnhordland.⁵

Eit nyare døme på korleis «Hardanger» som region kan problematiserast som konstituerande og identitetsskapande eining finn vi då ungdomslagsrørsla tok til å organisera for vél 100 år sidan. Då vart Hardanger Ungdomslag utskilt frå Hordaland ungdomslag, som hadde blitt til i 1908. I 1913 ser hardingane ut til å ha syntes at området for felleslaget var for stort.⁶ Åtte ungdomslag i Hardanger etablerte etter mykje fram og attende sitt eige felleslag. Det vart diskusjon om kor langt ut i fjorden grensa for det nye laget skulle gå. Men noko slik grense vart ikkje sett. Lag som ønskte og fann det naturleg kunne gå inn i det nye samlaget. I ungdomslagssamanheng vart såleis Bjørgum og laget der på Voss, men på vegen mot Granvin, ein del av det regionale fellesslaget Hardanger ungdomslag. Først i 1992 vart Hordaland ungdomslag og Hardanger ungdomslag igjen slegne saman.

Indre og Ytre Hardanger – to kulturregionar?

Forfattaren Hans E. Kinck viste til skilnaden mellom setesdølene og hardingane som eitt døme på det han kalla «de to motsatte hovedtråder i norsk folkekarakter», der han skildrar reisa si frå Setesdal til Hardanger slik: «Jeg var kommet fra denne balladenes dal til rationalismens hjemstavn, fra det lyrisk dvælende i talen til den rappe, heftige rytme, fra det svømmende barneøie til det gløgge, isblokkeblå blikk, som skar glas om det trængtes, fra den innelukkede lumre mystik til dagklart levevett og vilje (...).⁷ Kontrasten mellom fjellbondene oppe i dalane og fjordbondene i Hardanger vart teikna med tydeleg opp av Kinck. Han heldt i første rekke til i Strandebarm, i eit område på denne tida heilt på grensa til å reknast som Hardanger.

⁴ Jf Anderson, Perry (1994) "Remarks on the Modern Region Phenomenon in West Europe" og Frandsen, Steen Bo (1994) "Regionen i historien". Begge i *Den jyske historiker*, nr. 68

⁵ Jf om Eid fjord i Brekke, Nils Georg (red.) (1993) *Kulturhistorisk vegbok. Hordaland*. Hordaland Fylkeskommune. Nord 4 Vestkyst, Bergen, s. 402ff.

⁶ Svein Hovet (1963) "Hardanger ungdomslag gjennom 50 år. Utdrag av lagssoga." i Svein Hovet (skriftstyrar) (1963) *Hardanger Ungdomslag 50 år : 1913–1963. Øystese*, s. 20–21.

⁷ Jf Kinck, Hans E (1924) Steder og folk., om vestlendingen i lys av dette sjå Bjørgo (2006) s. 28–31, Nils Kolle (1999) *Bygdebok for Kvam. Liv og lagnad på 1800-talet*. Kvam herad, s. 163.

Ein annan forfattar, kvinnheringen Jens Tvedt, karakteriserte hardingen med bakgrunn i naturen og dei bråe skifta han kan gjere. «Hardingen er sterk i sine kjenslor og klaartenkt, men ikkje alltid raadsnar, for paa botnen i han ligg det gjerne ein draumefloke som drabbar. Sjølvgod er han kan henda meir en godt gjerer, og vår om si æra som han er, vil han heldst vera den fyrste. Hev han eingong fyr aalvor sett seg eitkvart fyre, so eig han ein vilje som fyrr brest enn bognar».⁸

Slike kommentarar understrekar fellestrek i regionen. Men samtidig blir det ikkje sjeldan vist til at det er nærmast grunnleggande skilnader – mellom Ytre og Indre Hardanger. I leksikonet vart skilnadane knytte til rase, til eksistensen av ulike folkegrupper (langskallar og kortskallar). Forestillinga om raseskilnader kan vi trygt forlata. Men det har av fleire blitt tala om ein grunnskilnad i lag og folkelynne, som særleg har kome til uttrykk innan religiøse forhold.⁹ Ytre Hardanger, med Jondal og Kvam frå Norheimsund mot Strandebarm har såleis sterke fellestrek med folkereligiøsitet på store deler av Sør- og Vestlandskysten, knytt til oppkomsten av lekmannsrørsla og den sterke stillinga ho fekk utover på 1800-talet og vidare framover.¹⁰ I Indre Hardanger kom ein sterkare hug til å vera med i det ållmenne «verdslege» åndslivet til uttrykk, der den frilynde rørsla og folkehøgskulane raskt fekk fotfeste, med vekt på norskdom snarare enn kristendom av den lågkyrkjelege sorten.

Skilnadene er festa i kulturelle forhold som går utover Hardanger, og som viser til at det midt i Hardangerfjorden synes å vera ei grense mellom to kulturregionar: den eine knytt til kysten, den andre til «Fjell- og fjord-Noreg» og eit historisk samkvem med dei nærmaste bygdene på austsida, i Telemark, Hallingdal og Valdres, og til Voss som ein del av same kulturområdet, kom mellom anna til uttrykk i hardingfela si sterke stilling – og som ein kulturell markør mot lekmannsrørsla. For i Kyst-Noreg var fela ukjend eller miskjend. Det galde også lenge landsmålet eller nynorsken. Han fekk fotfeste i dei indre bygdene, men først etter at «hovdingane» i rørsla i dei ytre. Ikke uventa viste skilnadene seg også i synet på alkohol. Som Severin Eskeland skreiv i 1963: «Men ein kan vel segja, at medan dei «frilynde» stort set heve gjenge føre i målreisingsarbeidet, hev fråhaldsarbeidet havt størst stønad frå dei «kristelege»...»¹¹

For den pietistiske rørsla var dans eit teikn på umoral, der ein tenkte på kva dansinga kunne føra med seg. Dette galde også felemusikken. Slike oppfatningar fantes i enno sterkare grad andre stader på Vestlandet. På Sunnmøre vert det fortalt om dei reinaste utreinskingane. Medan spelemennene kunne bli omvendte, galde ikkje dette fela, som nærmast forsvann frå Sunnmøre i 1870–80-åra.¹² Kontrasten til Hardanger er her stor.

8 Tvedt; Jens (1914) "Hardanger." I Rolfsen, Nordahl og E. Werenskiold (h.red.) *Norge 1814–1914. Øket folkeutgave av Nationalverket Norge i det XIX aarhundrede. Andet bind.* Kristiania, s. 106

9 Jf Eskeland, Severin (1963), "Åndsliv og folkelynde i Hordaland", I *Norske gardsbruk. Band XVI. Hordaland Fylke I. Forlaget Norske Gardsbruk, Oslo*, s. 192–3. Om dei to kulturregionane Øidne, Gabriel (1957) "Litt om motsetninga mellom Austlandet og Vestlandet". I *Syn og Segn 3*, 1957. Om motkulturane: Rokkan, Stein: "Geografi, religion og samfunnsklasse: Kryssende konfliktlinjer i norsk politikk." I: Rokkan, Stein (1987) *Stat, nasjon, klasse*. Universitetsforlaget.

10 Jf Johansen, Karl Egil 1993: "Bedehuset og lekmannsrørsla" i Brekke (red.) (1992), s. 141ff.

11 Eskeland, s. 202

12 Jf Angell, Svein Ivar, Knut Grove og Per Selle (2006) i "Folkerørsler og frivilleige organisasjonar", kap. 7 i bind 2 av Helle (red.) 2006.

Lokalhistorikaren Johannes Gjerdåker har halde fram at når hardingfela og folkemusikken i Indre Hardanger var så sterkt knytt til folkekulturen var dette med på å skapa motstand mot pietismen. Slik kan felemusikken hjelpe til å forklara det manglande fotfestet lekmannsrørsla fekk i denne delen av Hardanger.¹³ Eit anna døme Tvedt viste til, var også knytt til festlege samkomer. Han trekte fram skotringa – ubodne gjester som møtte fram ii til dømes bryllup – og som held «ein syndarlivnad baade ute og inne, gjerer prettor og fantestykke». Skotringa var ein del av tradisjonen i områda inne i Hardangerfjorden, men vart møtt med stor uvilje lengre ute og vart der strengt dømt av folkemeininga. Skotringa fekk harde ord frå Tvedt, som sa det følgte så mykje råskap med henne at ho var ille sedd også der ho har heimstadrett, «men likevel er uskikken seig aa faa live av».

Men kva skuldast skilnadene mellom Indre og Ytre Hardanger? Er det hopehavet mellom dei indre bygdelaga på vestsida og dei nærmeste austpå, og koplinga mellom dei ytre og kysten som er det avgjerande? Er det knytt til skilnadene som ligg i naturen som rammer for livsvilkår og utfaldning? Halldor O. Opedal heldt fram at hardingen i røynda var eit jordbruksfolk, som kom til pengar ved eit tilfelle, særleg gjennom nordlandsfarta.¹⁴ Samtidig var gardane i Hardanger helst små og gjorde det for dei fleste naudsynt å driva med arbeid som gjekk utover den vanlege gardsdrifta., der det galdt å vera både nevenyttig og oppfinnsam. Mangesysleriet var dermed ein del av livsforma.

Mangesysleri og jamlikskap (egalitet) er merkelappar det ofte blir trive til når vestnorske samfunnsforhold vert omhandla. I Hardanger høver dei likevel for det meste godt, sjølv om dei lokale variasjonane var store.¹⁵ Dette ser vi også i egedomsforholda på Hardangervidda, der Hardanger-kommunane i aust er grensepостar mot Austlandet. Sjølv om skilnadene også heng saman med naturskapte forhold, illustrerer dei også skilnader i sosiale forhold mellom Hardanger og kommunane på austsida av vidda¹⁶ Sokneprest Olafsen formulerte seg i 1909 såleis slik om egedomsforholda på vidda:

Paa Østsiden var der større Forskjel mellom de forskjellige klasser, og der var sterk Tilbøielighet til at danne et Bygdearistokrati bestaaende av smaa Kakser. Disse vidste at trænge den mindre formaende ut. Pass Vestsiden derimot har der alltid raadet en sterk demokratisk Aand med utpræget Lighedsfølelse. Ethvert Forsøg paa at vode tilegne seg et Fællesgode ble derfor strængt afvist.¹⁷

På austsida av Hardangervidda var mange egedomar på private hender ved inngangen til det 20. hundreåret. Elles var store deler av vidda rekna som statsallmenninng. Dette sikra tilgang og rettar for ålmenta. Men områda som hørde til Hardanger (Røldal,

13 Johannes Gjerdåker i innlegg på seminar (Skjervheimseminaret/Kyrkjemeddagane) om bedehusfolket på Voss, mai 2005.

14 Jf Losnegård, Gaute (2006) *Jondal kommune. Fra øksebogg til tastetrykk. Bind III Allmennsoga*. Jondal kommune, s. 374 og Eskeland (1963), s. 205, som viser til at behovet til hardingen for å driva med andre ting var stort, ”snart trøngromt” mellom fjøre og fjell.

15 Ut frå naturgjevne forhold, som til dømes gjorde Ullensvang til eit sterkare jordbruksamfunn enn til dømes Eidfjord. Ikkje minst kom dette til uttrykk i fruktdyrkinga der Ullensvang vart eit kjerneområde.

16 Etter NOU 1974: 30B *Hardangervidda, natur – kulturbistorie – samfunnsliv*.

17 Her frå NOU 1974: 30B, s. 180, sitat Olafsen 1909, s. 148. Jf om Olafsen og arbeidet hans artikkelen ”Hardangervidda” i Styrk Solstad (1985) *Dei gav oss ein arv. Glimt fra Voss og Hardanger i eldre tid*. Eige forlag.

Eidhfjord og Ullensvang) vart sett som tilhøyrande bygda.¹⁸ Slike bygdeallmenningar vart rett nok gjort om til statsallmenningar med fjellova i 1920, men framleis med ei sterk lokal styring gjennom eigne fjellstyre i det einskilde herad.¹⁹ Samtidig var eigedomforholda på Hardangervidda og retten til ulike typar bruk stridstema mellom dei ulike herada og bondene der. Å gå inn på forholdet mellom «fellesskapskulturen» og stridane om rettane på Hardangervidda så vel internt i Hardanger som overfor staten vil kunna nyansera forestillingane om likskap i regionen og samtidig gå inn i diskusjonen om dei overordna regionale skilnadene i Noreg.

Hardanger, Vestlandet og det norske

Kva har forholdet mellom Hardanger og det vestnorske og det nasjonale vore? Hardanger har på ein spesiell måte kome til å bli eit symbol på det norske, både i Noreg og på Noreg sett utanfrå. Dette viser ein samanheng mellom lokal, regional og nasjonal identitet i Norge, der til dømes bunadane også har blitt nasjonale symbol.²⁰ Det same gjeld naturen. Hardanger har i så måte spela ei viktig rolle i den norske nasjonsbygginga.

Måten folkedrakta for kvinner frå Hardanger vart til sjølve «nasjonalen», demonstrerer dette.²¹ Hardangerdrakta for kvinner vart løfta fram under den norske nasjonalromantikk. Ho vart forbunden med det fremste i den norske folkekulturen som vart oppdaga av embetsmennene i det nye kultursynet som understreka eigenarten til det einskilde folket og knytte dei sitt spesielle territorium. «Brudefærden i Hardanger», både biletet og som tablå, hadde understreka nettopp hardangerdrakta som særleg nasjonal. Drakta vart snart (frå ca 1860) den som representerte Norge utanlands, på verdsutstillingar og andre store arrangement. Hardanger vart frå midten av hundreåret eit framståande turistmål, med Odda som sentrum. Det var i denne perioden turisthotella kom (som i Odda, på Lofthus og i Eidhfjord), med dei store cruiseskipa frå Storbritannia og frå 1890 også frå Tyskland. Turistane vart gjerne møtte av bunadskledde norske jenter. Bondebryllaup vart også vanleg som turistframvising. For til kvardagsbruk heldt bunaden no på å gå ut av bruk. Det var i hovudsak kvinnene si høgtidsdrakt som no vart nytta til kyrkjebruk, medan mennene hadde vore dei første til å ta i bruk klede som dei som vart nytta i byane.

Det var ein kombinasjon av den heimlege nasjonalromantikken og turismen og utlendingen, som gjorde hardangerdrakta til «nasjonalen», til ei drakt i bruk langt utanfor sitt opphavelege distrikt. Hardangerbunaden blei saman med hallingdalsbunaden teken i bruk som nasjonalar, og vart nasjonale symbol. Frå rundt 1920 vart folkedraktene også i andre område (først Hol i Hallingdal og Telemark) etter kvart gjeve status som «nasjonalar» i kraft av å vera uttrykk for det lokale som eit uttrykk for det nasjonale.

Men turistane kom ikkje i første rekke for å oppleva folkedraktene. Det var den storfelte naturen som i første rekke drog, då som no. Hardangerfjorden og møtet

18 NOU 1974:30B, s. 195.

19 Om dette, sjå Angell, Svein Ivar (2008) ”Retten til land, vatn og vilt – framveksten av eit ressursforvaltingssystem for norske høgfjellsområde”, upubl. manus, Rokkansenteret

20 Angell, Grove og Selle (2006).

21 Jf Noss, Aagot (1994) ”Frå folkedrakt til bunad”, s. 45–54. I: Bing, Morten og Hege Steen (red.)(1994) *Folk og klede – skikk og bruk. Festskrift til Aagot Noss.* Norsk Folkemuseum.

mellanom fjell og fjord har heilt sidan slike ville landskap først vart opplevde som sublime og skrekkinngytande, for så å bli vakre og viktige for å gripa essensen av det norske.²² Å gå inn på forholdet mellom hardingen og landskapet må vera eit viktig tema for ei hardangerhistorie. Her må også måten Hardanger har blitt sett på utanfrå, både som landskap og fellesskap trekkast inn. Korleis har måten dei og landskapet dei budde vart sett på utanfrå påverka hardingane og kulturen i regionen, der hardingane og Hardanger gjerne har blitt sett på som uttrykk for det norske? Kva har vore deira eige forhold til naturen, korleis har dette kome til uttrykk i dei ulike bygdene langs fjorden, og på kva måte har dette endra seg? Korleis har endringane i bruken av fjorden og fjella påverka måten naturen blir sett på?

Folkelivsgranskaren Th. S. Haukenæs' skildring av landskapet frå 1880-åra viser i alle fall korleis han såg dette som vakkert.²³ Landskapet var vilt, men stolt, der landskapet innerst var stolt, med høge, steile fjell med snøkroner, og venlege, fruktbare åsar. I ein annan tekst skriv han om "den ville, sundslitne naturen I denne delen av Hardanger, og beskriv det storlagne utsynet frå toppane på vidda.

Samtidig må endringane i landskapet tematiserast. Eit døme er auken i skog, som i dag har gått over i tilgroing Kva har dette gjort med Hardanger-landskapet og måten det vert oppfatta på? Samtidig må forholdet til naturen tematiserast, til dømes gjennom den iherdige skogplantinga, som lenge var ei fanesak for ungdomslaga. Denne kom i gang etter initiativ frå bygdelaga i Oslo, mellom anna Hardinglaget. «Ære være dei for det!» ... «...millionar av granplanter har blitt sett ut omkring i hardangerbygdene, og i dag står skogen der grøn og frodig... »²⁴

Vi var inne på ungdomslagsrørsle og indremisjon som uttrykk for skilnader i Hardanger. Men heile lags- og organisasjonslivet og felta dei inngår i må studerast. Dette gjeld til dømes idretten og laga der, både oppkomst og vokstervilkår, utbreiing og synet på idrett i ulike former langs fjorden. Det synes å vera forholdsvis svake tradisjonar for lagidrett, som kanskje i mykje av Fjell- og fjord-Norge (rett nok med unntak som fotballspelaren Roger Albertsen frå Odda). I individuelle idrettar kom det derimot fleire, og i den gamle venstreidretten skyting har mange hardingar hevda seg.

Oppkomsten av industrien frå byrjinga av det 20. hundreåret gav opphav til ei rekke endringar i Hardanger. Dette galdt også til arbeidarkulturen, til samanhengane arbeidet, den som arbeidde gjekk inn i på den enkelte arbeidsplassen. Arbeidarkulturen som utvikla seg på industristadane Odda, Tyssedal og Ålvik er nært knytt til historia om den nasjonale arbeidarrørsla, men får sin spesielle uttrykk og får ei lokal forankring og utforming. Dette var ein annan arbeidarkultur enn den vi finn ved småbedriftene i

22 Jf Grove, Knut (2008) *One landscape – Differing eyes. The interface of the past for the future in the Norwegian fjord landscape*. Rokkan Centre, Working paper 15.

23 Jf Haukenæs, Th.S (1887) *Natur, Folkeliv og Folketro. Første Del: Eidfjord. Anden Del: Graven Tredje Del: Ulik*. Voss 2003. [Hardanger, 1887]

24 Hovet (1963), s. 28.

Hardanger, der koplinga til den lokale levemåten med handverk og mangesysleri var klarare.²⁵

Eit siste, men viktig felt gjeld kvardagslivet, både til fritid og i arbeid. Korleis kvardagen arta seg i overgangen frå det tradisjonelle til det moderne samfunnet, under krigen og i dei nye byggefelta etter krigen er viktig å få grep om. Eksisterte femtitalshusmora i Hardanger – også utanfor Odda? Kva med ungdomstida – kva gjorde vegane og bilkøyringa, saman med meir fritid med ungdomane – og høvet til å ha ei ungdomstid?

Konklusjon

I ei regionshistorie vil det vera viktig å få grep om kva trekk som har karakterisert kulturen og plassera desse i tid og rom. I tillegg til at kva område som blir rekna til regionen endrar seg, er det viktig å få fram både det einheitlege og det som er ulikt innan regionen. Eit breitt kulturomgrep bør leggast til grunn, slik at både materielle, sosiale og tankemessige forhold vert fanga opp.

Det skjedde store samfunnsendringar som også prega Hardanger mot slutten av 1800-talet, og frå rundt 1960. Når vi tek for oss kulturen kan vi her sjå på kva trekk som heldt seg og kva som endra seg eller forsvann i desse samfunnsprosessane. Korleis prega endringane innan samferdslemønster, oppkomsten av marknadsøkonomien og nye media kulturen i bygdene langs fjorden? Skiljet mellom Indre og Ytre Hardanger synest å gå langt tilbake i tid: har dei kulturelle skilnadene mellom desse blitt bygde ned i løpet av det 20. hundreåret?

Merksemda må rettast både mot forholdet mellom menneske og natur og kva forestillingar som har vore rundt dette, mot forholdet menneska i mellom og korleis dei har ordna seg i ulike fellesskap, i grend, bygd, i lag og organisasjonar. Men også den felles forestillingsverda, ideologien, med tilhøvet til religion og kva som elles gjev mening i livet (til dømes haldningane til arbeid) vera med

